



NORGE PÅ LANGS MED OSELVAR

Båthallen på Hordamuseet, søndag 6. mars kl 13 og 15

Sumaren 2015 rodde Bjørn Tomren Norge på langs med ein nybygd Oselvar. Turen starta i Honningsvåg og enda på Lindesnes. Dette er fjerde Norge på langs-turen Bjørn har gjennomført.

Han er elles kjend som jodlaren Polka-Bjørn, sjå <https://www.facebook.com/pages/Polkabj%C3%B8rn-og-Kleine-Heine/174088424943>

Båten vart bygd våren 2015 av Hallgeir Forstrønen Bjørnevik i verkstaden hans på Bjørnen i Os. No står båten utstilt i Båthallen på Hordamuseet, der du kan sjå korleis ein rotur på 2000 kilometer pregar ein nybygd båt. Du kan lesa meir om båtbyggjaren Hallgeir på <https://sites.google.com/site/oselvaregno/>

Turen vart formidla undervegs av Kjell Magnus Økland via bloggen <http://bjornpaalangs.no/>. Der kan du sjå bilete og multimediereportasar frå heile turen. Kjell Magnus var òg med og rodde på delar av turen og er forfattar av den komande boka om Oselvaren - sjå www.oselvarbok.no

I multimedieforedraget får du høyra røvarhistoriar frå roturen, bygginga og meir allment om Oselvaren. Innimellom vert det musikalsk underhaldning ved Oselvarbanden.

MEDVERKANDE:

Roar: Bjørn Tomren

Båtbyggjar: Hallgeir Forstrønen Bjørnevik

Bloggar/forfattar: Kjell Magnus Økland

Vaksne 100,- BT Fordel 80,- Born 50,-

Det heile varer ein dryg time. Inkludert i billetten er høve til å sjå utstillingane på Hordamuseet kl 12-16. Sal av betasuppe, kaffi og vaflar i kafeen.

BYMUSEET.
HORDAMUSEET